



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Legeheimel

### Omtale

Grunna folkevekst har Meland kommune oppretta ein ny avtaleheimel for fastlege 3-4 dagar pr veke ved Helsenauustet legepraksis frå 01.09.17. Frå tidlegare har kommunen 8 legar med fastlegeavtale / kommunale oppgåver. Av desse er 2 knytt til Helsenauustet legepraksis, medan 6 legar (inkludert kommuneoverlege) er knytt til Frekhaug legesenter. Oppstart i heimelen vil falle saman med at ein av fastlegane ved Helsenauustet reduserer si listelengde grunna ønskje om redusert arbeidsmengde. Ny heimelshavar vil ved etablering overta 200 av desse pasientane. Listetak vert bestemt nærare i samarbeid mellom eksisterande legar, ny heimelshavar og samarbeidsutvalet. Av plassomsyn er det for tida rom for 3-4 dagar praksis pr veke. Det er ikkje tillagt offentlege legeoppgåver til heimelen, men kommunen tek atterhald om rett til seinare å påleggje inntil 20% kommunal bistilling. Andre vikarbehov i kommunen kan drøftast med interessentar til heimelen. Kommunen arbeider med ein plan for legetenesta, og har vedteke kommunesamanslåing med Lindås og Radøy kommune. Ein må derfor forvente endringar i tenesta framover, med omsyn til organisering, lokalisering, arbeidsomfang og arbeidsoppgåver.

### Arbeidsstad

Kontorstad er Helsenauustet legepraksis som ligg sentralt på Frekhaug, og i umiddelbar gangavstand til andre kommunale verksemdar. Praksisen er ein godt innarbeidd 2-lege-praksis, etablert i 2002. Praksisen og lokala er privat eigd. Den som vert tildelt heimelen må inngå avtale med Helsenauustet legepraksis om leige / delvis overtaking av praksis. Legesenteret er godt utstyrt og ligg i trivelege lokalar. Praksisen har Infodoc journalsystem i samarbeid med kommunen. Legane i praksisen samarbeidar nært med kommunen og med Frekhaug legesenter om m.a. daglegevakt, ferieavvikling mv.

### Arbeidsoppgåver

Arbeidsoppgåvene er knytt til vanleg fastlegepraksis på eigen liste, samt på kollegers liste ved fråvær. Heimelshavar må ta del i daglegevakt, som går på rundgang mellom kommunen sine legar. Heimelshavar må og ta del i interkommunal legevakt lokalisert i Knarvik.

### Krav til kompetanse

- Medisinsk embetseksamen og norsk autorisasjon som lege.
- Spesialist i allmennmedisin, eller under spesialisering.
- Vaktkompetanse i samsvar med krava i akuttmedisinforskriften.
- Erfaring frå klinisk arbeid og allmennpraksis.
- Gode norskkunnskapar munnleg og skriftleg.
- Evne og vilje til tverrfagleg samarbeid.
- Personlege eigenskapar vert særleg lagt vekt på.

### Spesielle krav til heimelen

Det er krav til politiattest av ny dato, ikkje eldre enn tre - 3 - månader. Søkjar bør ha førarkort klasse B.

### Vi tilbyr

Vilkår som fastlege i samsvar med gjeldande sentrale og lokale avtalar (rammeavtalane ASA4310 og ASA4301, kommuneavtalen SFS 2305 og den individuelle avtalen som vert inngått).

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 28.06.2017

Utlyst dato 06.06.2017

Vårref

680/17

### Kontaktperson

Tord A Lappen Moltumyr, Kommuneoverlege/helsesjef, mobil: 951 18 589, tord.moltumyr@meland.kommune.no  
Grete Wold, Fastlege, mobil: 90794915, grete.wold@meland.kommune.no